



Døslandspia med Øyvind Austevoll i sulkyn på veg mot tredje plassen torsdag. (Foto: Iver Bunes)

Fire år gamle Døslandspia sette personleg rekord med 1,32,8 og vart nummer tre i eit felt med 14 hestar i Bergen Travpark torsdag og det er eigar Halvard Døsland svært fornøgd med. Hesten starta travkarrieren då ho var tre år – altså i fjor. Før har ho gått på 1,33,4.

- Hoppa gjorde det bra i vår, men ho har ikkje vore med i løp sidan 29. mai, til dels på grunn av skade. Difor var vi spente på korleis dette ville gå, seier Halvard, som også peikar på at hesten stilte med 40 meter tillegg.



Halvard og Døslandspia varmar opp. (Foto: Iver Bunes)

Døslandspia står heime på garden og blir trent av eigaren her, medan trenar og kusk Øyvind Austevoll tek seg av fartstreninga i Bergen.



Halvard og Gudrun følgjer spent med i løpet. Bak sit Martin Fjelltveit. (Foto: Iver Bunes)

Mange som fer forbi Døsland beundrar dei fine hestane på jordet til Gudrun og Halvard.

Dei har ein flott heilsøskentrio etter mora Ringedal-Siv, som ikkje er aktiv travler lenger. Treåringen Døslandspil var med i mønstringsløp, men har sidan vore skada. Den tredje er åringshoppa Døslandsliv, som dei så vidt har begynt å trenar.

- Du har ikke freista med varmblood, Halvard?
- Nei, det passar ikkje så bra å ha varmbloodshestar i trening her i bygda – med tanke på farten. Magne Huglen har varmbloodshestar, men dei står og blir trent i Bergen.

Av Ola Matti Mathisen



Døsslandspia får ein velfortent dusj etter løpet! (Foto: Iver Bunes)